

Vår referanse:
2024/904-11-
L10

Saksbehandler:
Janne Kristin Bøyum

Dato:
04.03.2025

Framlegg til vedtak av Planstrategi 2024-2027

Utvalg	Utv.saksnr.	Møtedato
Teknisk-, miljø- og næringsutvalget	13/25	18.03.2025
Lokalstyret	19/25	02.04.2025

Administrasjonssjefens anbefaling:

Lokalstyret vedtar Planstrategi 2024-2027 slik den ligg føre.

Behandling i Teknisk-, miljø- og næringsutvalget - 18.03.2025

Administrasjonssjefens forslag til innstilling ble enstemmig vedtatt.

Stemte for: Svein Jonny Albrigtsen (AP), Jo Daniel Gytri (H), Ine-Therese Pedersen (SV), Håvar Fjerdingsøy (V), Helle Jakobsen (V)

Vedtak i Teknisk-, miljø- og næringsutvalget - 18.03.2025

Lokalstyret vedtar Planstrategi 2024-2027 slik den ligg føre.

Behandling i Lokalstyret - 02.04.2025

Innstilling fra Teknisk-, miljø- og næringsutvalget 18.03.2025 ble enstemmig vedtatt.

Stemte for: Gudmund Løvli (AP), Harald Skaare (AP), Solveig Oftedal (AP), Jo Daniel Gytri (H), Ane Hammervoll Bjørsvik (SV), Ingrid Ballari Nilssen (SV), Katrine Boel Gregussen (SV), Fred Skancke Hansen (V), Håvar Fjerdingsøy (V), Helle Jakobsen (V), Karine Margrethe Hauan (V), Sara Nordell Borchgrevink (V), Terje Aunevik (V), Terje Gjeitnes (V)

Vedtak i Lokalstyret - 02.04.2025

Lokalstyret vedtar Planstrategi 2024-2027 slik den ligg føre.

Sammendrag og konklusjon:

Planstrategi for 2020-2023 vart vedteke i Lokalstyret i desember 2020, og var med det den første oversikta over kva ulike typar planarbeid lokalstyret hadde føre seg i perioden framover. Det er no over eit år inn i ny valperiode, og det er utarbeidd ein ny Planstrategi 2024-2027. Framlegg til Planstrategi 2024-2027 har vore på høyring og offentleg ettersyn i perioden 11.11.24 – 12.12.24.

Ein planstrategi er eit verktøy for både politikarar og administrasjonen for forutsigbar planlegging med tanke på økonomi, bruk av ressursar, behov for nye eller reviderte planar.

Planstrategi 2024-2027 legg opp til ein enkel revisjon av gjeldande Lokalsamfunnsplan 2022-2033.

Saksopplysninger:

Planstrategien er ikkje ein plan, men eit strategisk styringsverktøy. Den gir ei systematisk vurdering av planbehov, med mål om å skape ei felles forståing mellom lokalstyret og administrasjonen av planverk og kva planar som bør utarbeidast eller endrast i valperioden. På denne måten vil administrasjonen kunne vurdere, ut i frå tilgjengelege ressursar og økonomi, kva tid ein må starte dei ulike planane, og politikarane vil sjå kva plansaker som er venta å få til handsaming i åra framover.

Tidlegare planstrategi (for 2020-2023) er inkludert i Lokalsamfunnsplan 2022-2033 i tabellform. Denne tabellen er utgangspunktet for Planstrategi 2024-2027. Ny versjon er noko meir utfyllande, og kan seiast å vere den første planstrategien i Longyearbyen med tilsvarende utforming som ein fastlandskommune.

Det har vore behov for å tematisere og definere kva og kor dei ulike planane til Longyearbyen lokalstyre (LL) skal plasserast. Det er difor ei begrepsavklaring i kapittel 2.1, og dei ulike planane er plassert i tabellform i kapittel 6 for tydeleg oversikt. I denne tabellen er det også synt kva eining som har planansvaret for å tydeleggjere eigarskap til planarbeidet, og kva politisk utval dei skal handsamast i. Lokalstyret er endeleg vedtaksmynde etter utvala og er difor ikkje nemnt. Det presiserast at denne tabellen er ikkje er ei prioriteringsliste frå topp til botn, det er det årstala i siste kolonne som gir oversikt over.

Longyearbyen lokalstyre skal gjere ein enkel revisjon av lokalsamfunnsplanen for å justere ambisjonsnivået etter nærare samhandling med politikarane då innspel har vore at Lokalsamfunnsplanen er for ambisiøs. Ein slik arena for samarbeid og felles forståing av den enkle revisjonen vert føreslått så tidleg som mogleg etter at Lokalsamfunnsplanen vert vedteke. Enkel revisjon av Lokalsamfunnsdelen må vedtakast før ein kan fortsette prosessen med arealplanen.

Ved revisjon av planar generelt skal det leggst opp til medverking, som eit minimum at planar vert lagt ut på høyring. Om det skal sikrast ei breiare medverking for å nå ut til fleire, få fleire synspunkt, kunnskap og idear bør det leggst til rette for noko meir.

Temaplan for klima, miljø og energi i Longyearbyen lokalstyre har vore til høyring og offentleg ettersyn. Dette er ein plan mange har venta på og kunnskapsgrunnlaget i planen er av stor nytte for all vidare planlegging i LL, særleg inn mot vidare arbeid med arealplan.

Klimaendringane er noko innbyggjarane i Longyearbyen får tett på seg, og som er i så stor endring at det merkast i landskapet og naturen for kvart år. Ein stor og viktig konsekvens av klimaendringane er at det vert våtare og varmerekordar toppar seg for kvart år. Denne endringa fører til store nedbørsmengder og overvann i periodar, ei problemstilling som Longyearbyen ikkje i stor grad har måtte planlegge for tidlegare. Det merkast på djupare aktivt lag over permafrosten, større elver ved snøsmelting i sommarhalvåret, at Longyearbyen no har sørpeskred, det sikrast for ras og skred, og det får konsekvensar for drikkevatnet. Vatn er eit gjennomgåande tema i samband med beredskap og samfunnsikkerheit der vatn går inn i naturfarer, infrastruktur og forsyningssikkerheit. Alle viktige tema for arealplanen.

Planstrategien 2024-2027 har ikkje omtala fjernvarme som i førre planstrategi var skrive at skulle vedtakast i 2021. Årsaka er at det er Svalbard Energi AS som har ansvaret for dette og har utarbeidd eigen Energiplan for Longyearbyen. Private delplanar vert heller ikkje omtala i planstrategien fordi dei er private, og dermed ikkje Longyearbyen lokalstyre sine å utarbeide.

Høyring:

Planstrategi 2024-2027 vart vedteke til høyring og offentleg ettersyn i TMNU den 05. november 2024 og gjort offentleg i perioden 11.november – 12.desember 2024 på Longyearbyen lokalstyre si nettside.

Det kom inn 4 høyringssvar i perioden, som er summert opp her:

1. Sysselmeisteren på Svalbard, 06.12.24 – meiner at arealplanen som er vedteke i 2017 bør prioriterast før revisjon før lokalsamfunnsplanen. Dei påpeikar at Stortingsmeldingen (2023–2024) slår fast at Longyearbyen ikkje skal vokse, og at nye bustader må etablerast gjennom fortetting, ikkje utbygging av nye områder. Arealplanen bør gjenspegle dette og vurdere om visse bustadområde skal takast ut. Dei skriv vidare at Overordnet beredskapsplan og krisekommunikasjonsplan må reviderast årleg og ikkje vente til 2027. Likeeins bør Helhetlig ROS-analyse for Longyearbyen og Overordnet plan for skredsikring reviderast raskare enn synt i Planstrategi 2024-2027. Vidare ønskjer dei eit tydelegare eigarskap og ansvarsfordeling for temaplan for kulturminne i planstrategien.
2. Direktoratet for mineralforvaltning, 09.12.24 – støttar planstrategien, men vil følgje opp arealplanen, og bidra i kulturminneplanlegginga med relevant informasjon om gamle gruver. Dei legg vekt på at Svalbards geologiske ressursar må forvaltast heilskapleg i tråd med svalbardpolitikken og Bergverksordninga, erkjenner den pågåande omstillinga frå koldrift til nye næringar, og meiner at den planlagde strategiske næringsplanen blir viktig i denne prosessen. Dei har tidlegare gitt innspel til arealplanen, som har blitt forseinka, og dei er i vidare dialog med lokalstyret om dette.
3. Visit Svalbard AS, 12.12.24 – meiner at planprosessen bør ha breiare involvering av innbyggjarar og næringsliv, ikkje berre gjennom høyringar, men også via workshops, arbeidsgrupper og dialogmøte. Dei ønskjer ei sterkare kopling mellom reiseliv, lokalsamfunnsutvikling og berekraftsmål i planstrategien. Dei foreslår meir aktiv involvering av næringslivet, betre datagrunnlag og konkret støtte til reisemålsleiing. Visit Svalbard har verdifull kunnskap om innbyggjarar, næring og besøkande, og dei

planlegg ei analyse av reiselivets ringverkingar i 2025, og ønsker at berekraftig reiseliv integrerast i neste revisjon av lokalsamfunnsplanen.

4. Norges vassdrags- og energidirektorat, 13.01.25 – meiner at Planstrategien for Longyearbyen har eit godt fokus på klima og samfunnssikkerheit. NVE støtter vidareføring av tiltak for å sikre trygg arealbruk, energieffektivisering og klimatilpassing. Dei konstaterer at klimaendringane går raskare på Svalbard enn globalt og aukar risiko for flaum, skred og erosjon, og at ny skredsikringsplan bør rullerast. Dette er ein plan dei vil bidra til. Vidare skriv dei at LL bør vurdere revisjon av eldre arealplanar som ikkje lenger er sikre med dagens kunnskap om klimaendringar. Til slutt peikar dei på at omlegging til fornybar energi er sentralt for Longyearbyen, med potensielle løysningar som vindkraft, solceller og geotermisk energi.

For fullstendig tekst av høyringsinnspela er dei vedlagt i saka.

Vurdering:

Longyearbyen lokalstyre har fått delegert myndigheit av Miljøverndepartementet som planansvarleg i Longyearbyen planområde. I tillegg vart lokalstyret gitt myndigheit til å vedta arealplanar i tråd med det som gjeld for kommunestyre på fastlandet for planer som behandlast etter plan- og bygningslova.

I arbeidet med utarbeiding av ny planstrategi vert det tydeleg at det er behov for ei rydding i planar når det gjeld kva type plan det dreiar seg om, men òg om namn på planar. Det er gjort ei inndeling i tabell 6 som forhåpentlegvis kan vere med å gjere det lettare å plassere og namngje framtidige revideringar eller nye planar. Innspela som er komme i høyringsperioden er teke til orientering og vert teke med i vidare planarbeid. Jamfør innspel frå Sysselmester om raskare revidering av Overordnet beredskapsplan og Krisekommunikasjonsplan er det ei viktig presisering frå Longyearbyen lokalstyre at dei skal reviderast årleg, men rullerast kvart 4 år.

Longyearbyen lokalstyre skal gjere ein enkel revisjon av lokalsamfunnsplanen for å justere ambisjonsnivået etter nærare samhandling med politikarane då innspel har vore at Lokalsamfunnsplanen er for ambisiøs. Ein slik arena for samarbeid og felles forståing av den enkle revisjonen vert føreslått så tidleg som mogleg etter at Lokalsamfunnsplanen vert vedteke.

Det er Lokalsamfunnsplanen som legg føringane på korleis arealplanen skal sjå ut. Organisasjonen er liten og det tek mykje ressursar med arbeid med store planar. Sjølv ei enkel revisjon av Lokalsamfunnsplan fører til ytterlegare utsetting av arbeidet med arealplanen. Arbeidet er like omfangsrikt i Longyearbyen som i andre fastlandskommunar. Det er derfor viktig å halde på planprosessane for å sikre medverking som fører til godt planresultat. Det har lenge vore forventningar til at arealdelen skal reviderast. Eitt plannivå til tider kan vere komplisert, og lite dekkande for utviklinga i Longyearbyen. Tal delplanar og mindre endringar heng saman med ein aldrande arealdel, og det er på høg tid at denne kan fortsette prosessen etter at planprogrammet vart vedteke den 06.06.2023.

Arealplanen er eit stort og ressurskrevande arbeid som det må vurderast å hente inn ekstern kompetanse til i delar av arbeidet. Det er søkt om midlar gjennom Svalbards miljøvernfond til

å få utført ei ny kartlegging av biologisk mangfold i Longyearbyen planområde. Det vart i april 2007 laga ein temarapport om biologisk mangfold som grunnlag for arealplan av Norsk institutt for naturforskning (NINA). Mykje har endra seg på 18 år, og behovet for nytt kunnskapsgrunnlag er på høg tid. Søknaden frå Svalbard Miljøvernfond vart innvilga i november i 2024. Det er i tillegg søkt om Natursatsmidlar frå Miljødirektoratet til kartlegging av naturtypar som det førebels ikkje er komme svar på.

Longyearbyen lokalstyre har ein planportal på nettsida som ikkje er tilfredsstillande som eit offentleg planregister. Plandata bør vere lagra i eit nasjonalt godkjent register som til dømes arealplaner.no. Arealplaner.no er ein ekstern og skybasert løysing som tilbyr ein ryddig struktur og sikrar historikken i planendringar. Dette bør på plass, og det må vurderast nærare kva løysing som best sikrar historikken i arealplankarta våre, og kan gi brukarane best tilgang og bruk.

Longyearbyen lokalstyre er godt i gang med utarbeiding av Strategisk næringsplan for Longyearbyen. Arbeid med Strategisk næringsplan vart starta i forrige planperiode. Planprogrammet vart fastsett, men planen vart satt på vent til Svalbardmeldinga blir vedtatt. Administrasjonssjefen gjer merksam på at næringsplan er den første som er utarbeida av administrasjonen i LL. Strategisk næringsplan som var med i førre planstrategi er utarbeida av næringslivet i Longyearbyen, og aldri vore politisk handsama. Den har vore til orientering for politikarar.

Samla sett ligg det mykje godt arbeid føre for Longyearbyen lokalstyre i åra som kjem. Planstrategien syner det som er planlagt, men uforutsette hendingar må også handterast og finnast plass til i kvardagen.

I dokumentet Planstrategi 2024-2027 er det gjort følgande retting av skrivefeil i kap. 6 sidan høyring;

1. Arealdelen – retta til arealplan.
2. Kommunikasjonsstrategi 2024 er retta til at den sist er vedtatt i 2024.
3. Forkortinga PLU er retta til utfyllande Plan og utvikling.

Vedlegg

- 1 1. Sysselmester - Høyring og offentleg ettersyn av planstrategi 2024-2027
- 2 2. Dir.min - Fråsegn til høyring og offentleg ettersyn av kommunal planstrategi 2024–2027 for Longyearbyen
- 3 3. Visit Svalbard AS - Høringsinnspill Planstrategi 2024-2027
- 4 4. NVE - NVEs uttalelse - Offentlig ettersyn - Planstrategi 2024 - 2027 - Longyearbyen - Svalbard
- 5 Planstrategi LL 2024-2027, 07.03.25

Andre vedlegg (ikke vedlagt):